



Breim, 25.august 2015

## **TV-AKSJONEN NRK Regnskogfondet 2015 - OPPFORDRING TIL BIDRAG**

Tusen takk for at Sogn og Fjordane Fylkeskommune si støtte til TV-aksjonen NRK i fjor. Vi er både glade og takknemlige for det gode samarbeidet med fylkeskommunen. Det er heilt avgjerande i mobiliseringa av bøssebærarar på aksjonsdagen 18. oktober. Over 98 % av Norges kommunar og fylker bidrog til TV-aksjonen i fjor. Eg håper at de også i år vil gje eit pengebidrag til TV-aksjonen NRK Regnskogfondet 2015.

Verdas regnskogar er under eit voldsomt press og kvart minutt forsvinn store regnskogsområder – for alltid. Regnskogen forsynar verda med mat, vatn, og medisin, og bidreg til å regulere klimaet på kloden. Den er dessutan heimen til om lag 260 millionar menneske. Desse vert drevet ut i fattigdom om skogane raserast. Ved å bevare regnskogene, bevarer vi også eit biologisk skattkammer som rommar 50–80 prosent av landjordas artar.

Gjennom årets TV-aksjon skal vi bevare regnskogen for komande generasjonar og for menneska som har regnskogen som sin heim.

Slik bidreg dykk enkelt:

For å synliggjere det breie engasjementet frå alle landets kommunar og fylkeskommunar, registrerast alle bidrag på [www.giverstafett.no](http://www.giverstafett.no).

Når bidraget er registrert, blir faktura tilsendt umiddelbart på mail.

Registrerte og innbetalte beløp vil bli ein del av statistikken for dykkar fylke på aksjonsdagen.

Kontaktinformasjon FAL: Kristin Sandal, mob 95285015, [sognogfjordane@tvaksjonen.no](mailto:sognogfjordane@tvaksjonen.no)

Vi håper dykk også i år ynskjer å støtte årets TV-aksjon.

Venleg helsing,

Kristin Sandal  
Fylkesaksjonsleiar

[sognogfjordane@tvaksjonen.no](mailto:sognogfjordane@tvaksjonen.no)  
Mob. 95285015

---

## **TV-AKSJONEN NRK REGNSKOGFONDET**

**Vi skal vokte regnskogen!** | [blimed.no](http://blimed.no) | [post@tvaksjonen.no](mailto:post@tvaksjonen.no) | TV-aksjonskonto: 8380 08 09005